

- Det er nok jervefar

18.04.2012

- Det er nok jervefar Laila har sett, skriv Jostein Grov til oss. Han trur det er same dyret han såg far etter ved Sandvatna og i Storbjørnsli helga før påske. Grov hadde forøvrig nærkontakt av andre grad med jerv i same området for 3-4 år sidan. Det vil seie at dyret hadde vore der berre minuttar før han kom til staden

Grov opplysar at ein omvikkøl han traff hadde sett denne jerven. Grov meiner det er lite som tyder på at dette er anna enn einskilde streifarar.

Han minnar om at jerven er vidreisen og tek seg fram over store avstandar på stutt tid